

Berre 15 ledige billetter til Krim og Jazz på Dønhaug.

30.09.2019



Det er berre 15 billetter att til Krim og Jazz på Dønhaug fyrstkomande fredag.

Krim og Jazz med Gunnar Staalesen, Lasse Gallefoss og jazzgruppa BlueMen går etter oppsett plan. Det er faktisk berre 15 ledige billetter til arrangement som går i Dønhaugkjellaren fredag 4. oktober. Dørene opnar kl. 20. Programmet tek til kl. 21. Dei som enno ikkje har sikra seg billett, kan anten kjøpa på SPAR, Uskedalen, eller tinga på mobil 488 91 464.

Gunnar Staalesen har i 2019 femtiårsjubileum som forfattar. Han vert rekna som nestor i norsk krimlitteratur. Staalesen debuterte i 1969 med boka Uskyldstider på Pax forlag. Etter det har han ein stor produksjon. Alle kjenner til ei rekkje bøker frå serien Varg Veum. Mange har lese Gunnar Staalesen sin romantriologi om det 20. århundre i Bergen. Dei tre bøkene 1900, 1950 og 1999 vart dramatiserte på Den Nasjonale Scene og kvar framsyning gjekk over to kveldar.

Lasse Gallefoss debuterte i 2018 med den kritikarroste boka Krigens fred. Det siste om Gallefoss er at han er nominert til Nytt blod prisen for denne krimboka.

Den lokale jazz- og bluesgruppa BlueMen tel heile fem musikarar. Dei vil ha innslag som solo og i gruppespel utover heile kvelden.



Aktørane på fredag er f.v. Lasse Gallefoss, Gunnar Staalesen og jazzgruppa BlueMen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Pressefoto/frå plakaten laga av Ole Bjarte Røsland